

---

**Til:Fylkesutvalet**

---

**Frå:Fylkesrådmannen**

---

**Referanse**  
2014/10180-1**Dato**  
22.01.2014

## **Oversikt over tilsegn frå Regionalt utviklingsprogram pr 31.12.2013**

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland (RUP) er fylkeskommunen sitt handlingsprogram for regional næringsutvikling og lokal samfunnsutvikling i Hordaland. Programmet er utarbeida i nært samarbeid med Regionalt Næringsforum (RNF) og vart vedteke i Fylkesutvalet den 31.januar 2013.

Innsatsområde og prioriteringar i RUP gir føringar for bruken av dei regionale utviklingsmidlane. Prosjekta som er med i denne oversikten har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i RUP, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i RUP budsjettet:

- B-1: Bransjeretta tiltak
- B-2: Bransjeuavhengige satsingar
- B-3: Støtte til tiltak og prosjekt innafor lokal samfunnsutvikling
- B-4: Klimaretta tiltak
- B-6: VRI programmet
- B-7: Kulturelt utviklingsprogram
- B5, B-8 og B-10: Øyremerkte midlar til konkrete tiltak.

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i RUP, blir gitt som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn gitt sidan siste oversikt.
- Tabell med samla tal hittil i år fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommenterar.
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gitt til fylkesutvalsmøtet 31.10.2013 med ein oversikt fram til 01.10.2013. Denne oversikten viser utviklinga frå 02.10.2013 til 31.12.2013.

**Prosjekt handsama i perioden 02.oktober til 31.desember 2013:**

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
101-2013-RL	Hordalands Informasjonssenter 2013	Bergen Reiselivslag	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	385 000	77 000
127-2013MA	Forstudium Marine Global Centres of Expertise	Fiskeriforum Vest	B-1:Bransjeretta tiltak	300 000	150 000
128-2013MA	Møteplass Mat	Stiftelsen Norsk Sjømatsenter	B-1:Bransjeretta tiltak	990 000	125 000
131-2013-RL	Organisasjonsbygging av Vossameny	Næringshagen på Voss	B-1:Bransjeretta tiltak	400 000	125 000
132-2013EP	Nyskapingsparken inkubator 2013	Høgskolen i Bergen	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	4 553 936	900 000
133-2013MA	Ringvirkningsanalyse for havbruk på kommunenivå	Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening	B-1:Bransjeretta tiltak	750 000	300 000
135-2013LA	Mjølkeprosjekt i Voss 2013-2016	Voss Kommune	B-1:Bransjeretta tiltak	1 164 000	300 000
136-2013EP	Etablerarkurs på Voss hausten 2013	Voss kommune	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	75 000	36 000
137-2013LA	Kystskogbruket, 2. - 3. programår	Kystskobruket v/ Nord-Trøndelag fylkeskommune	B-1:Bransjeretta tiltak	1 590 000	120 000
138-2013NK	Prosjekt "Treklang"	Arna vidaregåande skule	B-4:Klimaretta tiltak	175 000	50 000
142-2013LA	Infrastrukturprogram i kystskogbruket	Allskog SA	B-1:Bransjeretta tiltak	4 800 000	70 000
158-2013KN	Prosjekter 2013	Bergen internasjonale filmfestival	B-1:Bransjeretta tiltak	287 500	100 000
167-2013NK	Kompetanseheving i byggebransjen	Næringshagen på Voss	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	775 000	250 000
173-2013-RL	NCE Tourism - Fjord Norway	NCE Tourism-Fjord Norway v/Fjord Norge AS	B-1:Bransjeretta tiltak	39 400 000	350 000
175-2013EN	NCE Subsea partner 2013	NCE Subsea Drift AS	B-5:NCE Subsea	42 538 519	550 000
177-2013MA	Maritim Industriinkubator Sunnhordland	Atheno	D.Omstilling og nyskaping	7 700 000	1 300 000
180-2013MA	SFI søknad,- Bærekraftige fôrressurser i havbruk	Universitetet i Bergen Bio	B-04:Klimaretta tiltak	400 000	200 000
181-2013RL	Forprosjekt møte- og arrangementmarkedet Hordaland	Bergen Reiselivslag	B-1:Bransjeretta tiltak	100 000	80 000
182-2013RL	Herlandsfoss aktivitets- og familiepark	BKK	B-1:Bransjeretta tiltak	210 000	90 000

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
184-2013KN	Fylkeskommunal medverknad til utvikling av spelefilm og TV-seriar i produksjonsfase	Fuzz AS	B-1:Bransjeretta tiltak	750 000	250 000
186-2013LA	Nettbasert agronomkurs for voksne på Stend	Stend vidaregåande skule	B-1:Bransjeretta tiltak	306 120	102 000
187-2013KN	MediaRegionBergen	MediaRegion Bergen	B-1:Bransjeretta tiltak	1 050 000	350 000
188-2013LA	Gartnarutdanning på deltid 2014-16	Hjeltnes vidaregåande skule	B-1:Bransjeretta tiltak	620 000	206 000
189-2013EN	Industriutvikling Vest AS - drift 2013	Industriutvikling vest	D.Omstilling og nyskaping	3 260 000	700 000
190-2013KN	Flettverk hovudprosjekt, år 2 av 3	Osterfjord Nærings samarbeid	B-1:Bransjeretta tiltak	4 882 000	500 000
191-2013LA	Kystskogbruket, Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram	Nord-Trøndelag fylkeskommune, Kystskogbruket	B-1:Bransjeretta tiltak	750 000	75 000
192-2013MA	Drifttilskudd Maritimt Forum Bergensregionen	Stift. Maritimt Forum Bergens-regionen	B-1:Bransjeretta tiltak	2 100 000	500 000
193-2013MA	Forprosjekt Arenaprogram Smak av kysten	Stiftelsen Norsk Sjømat senter	B-1:Bransjeretta tiltak	900 000	190 000
194-2013NK	Kompetansekartlegging Askøy	Askøy vidaregåande skole	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	285 000	100 000
196-2013MA	Fiskeriforum Vest	Fiskeriforum Vest	B-1:Bransjeretta tiltak	3 922 000	192 000
205-2013MA	Matstrategi i Hordaland	Fylkesmannen i HRD	B-1:Bransjeretta tiltak	300 000	100 000
206-2013LS	Vossolaugget	Stiftelsen Voss Klekkeri	B-3:Lokalsamfunnsutvikling	1 385 000	160 000
207-2013KN	Nasjonalt kompetansesenter for spillutvikling	Spillmakerlaugget	B-1:Bransjeretta tiltak	900 000	200 000
208-2013VRI	Kompetansemekling i VRI Hordaland 2012	Innovasjon Norge	B-6:VRI programmet	565 000	188 400
209-2013VRI	Kompetansemekling i VRI Hordaland 2013	Innovasjon Norge	B-6:VRI programmet	1 200 000	800 000
212-2013KN	Forstudie: Forskning i Media City Bergen	Institutt for informasjons- og medievitenskap, UiB	B-1:Bransjeretta tiltak	456 000	137 000
213-2013VRI	Kompetansemekling i VRI Hordaland 2013	Stiftelsen Polytec	B-6:VRI programmet	220 000	73 333
218-2013NK	Steinparken; varmestove og utstillingslokale	UPTIME Centre of Competence AS	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	150 000	45 000
219-2013MA	SFI CtrlAqua	Uni Research AS	B-1:Bransjeretta tiltak	400 000	130 000
221-2013LS	Prosjekt Trebygda	Granvin kommune	E:Utsette kommunar	400 000	400 000
222-2013LS	Styrking av utviklingskap. i mindre kommuner	Ulvik herad	E:Utsette kommunar	400 000	400 000

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
223-2013MA	Forprosjektet SFI Energieffektiv skipsfart	Maritime CleanTech West	B-1:Bransjeretta tiltak	590 000	180 000
224-2013EN	Søknad om GCE program for NCE Subsea	NCE Subsea Drift AS	B-1:Bransjeretta tiltak	1 000 000	200 000
225-2013IV	Åpen innovasjon – materialteknologi i marine miljø (forprosjekt)	UPTIME Centre of Competence AS	B-2:Bransjeuavhengige satsingar	850 000	400 000
227-2013RL	Statistikknett 2013	Jan-Erik Lystad	B-1:Bransjeretta tiltak	217 200	46 800
228-2013KN	Fanari - Korleis få opp eit robust selskap?	Atheno AS	B-1:Bransjeretta tiltak	300 000	100 000

#### **Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde i år:**

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Bransjeretta tiltak	61	136 247 974	13 355 552
B-2:	Bransjeuavhengige satsingar	24	32 391 136	6 632 384
B-3:	Lokal samfunnsutvikling	5	17 305 000	3 219 000
B-4:	Klimaretta tiltak	6	3 224 000	1 259 000
B-6:	VRI programmet	3	1 985 000	1 061 733
B-7:	Kulturelt utviklingsprogram			
B-9:	Entreprenørskapssatsing IN			
B-5, B-8, B-9 og B-10:	Øymerkte midlar til konkrete tiltak	2	60 626 098	1 450 000
D.	Omstilling og nyskaping	6	23 060 000	5 275 000
E.	Utsette kommunar	2	800 000	800 000
	<b>Totalt:</b>	<b>109</b>	<b>275 639 208</b>	<b>32 647 669</b>

#### **Kommentarar:**

I siste periode har det vore høg aktivitet i sakshandsaminga og vi har tildelt ca 11,6 mill kr til 44 tiltak og prosjekt med ei samla kostnadsramme på vel 133 mill kr. Dette inneberer ein gjennomsnittleg finansieringsandel på ca 8 %.

Så langt i år har totalt 109 prosjekt med ei samla kostnadsramme på vel 275 mill kr motteke vel 32 mill kr i støtte, noko som inneberer ein gjennomsnittleg støtteandel på ca 12 %. Som tala viser, opplever vi at sjølv om fylkeskommunen sin finansieringsandel i mange prosjekt ikkje er så stor, har vår medverknad stor utløysande effekt på andre prosjektmidlar og prosjektmedverknad. I si sluttrapportering melder mange at dei fylkeskommunale midlane har vore avgjerande for at prosjektet blei gjennomført.

I fylkesutvalet sitt vedtak om RUP 2013 blei det presisert å avsette midlar til å utvikle og nytte vidaregåande skular som lokale ressursentre for å fremje næring og samfunnsutvikling. Næringsseksjonen har avklart med Opplæringsavdelinga at områderektorane skal ha eit særskilt oppfølgingsansvar for å få fram søknader frå skulane. Dei første søknadane er no handsama og prosjekt er i gang i regi av Arna, Stend, Hjeltnes og Askøy vidaregåande skular.

Det meste av budsjettamma for 2013 er brukt. På B-1 Bransjeretta tiltak blei det nytta noko meir enn budsjett, vel 13,3 mill mot budsjett på kr 10,0 mill kr. For B-2 bransjeuavhengige satsingar var forbruket noko lågare enn budsjett, 6,6 mill kr mot budsjett 9,1 mill kr. For B-4 er det gjort vedtak om å løyve 2 mill kr til eit pilotanlegg for algedyrking på Mongstad. På grunn av manglande fullfinansiering er formelt tilsegn enno ikkje gitt og talet er difor ikkje inkludert i oversikten over. Totalt sett er så godt som heile budsjettamma for 2013 nytta.

Vedlegg:

# HORDALANDS INFORMASJONSSENTER 2013

## Tilsegn 101-2013-RL

*Som eit ledd i profileringa av regionane i Hordaland, samarbeider destinasjonane i Hordaland om ein felles informasjonsskranke i Turistinformasjonen i Bergen med bemanning og informasjon særleg retta mot turistar som søker opplevingar utanfor Bergen.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 385 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 19 250
Egeninnsats:	kr 80 000
Regionalt utviklingsprogram:	kr 77 000
Totalt Destinasjoner:	kr 208 750

**Prosjektstart:** 01.05.2013.

**Prosjektslutt:** 15.09.2013.

### Prosjekteigar:

Bergen Reiselivslag

### Prosjektleder:

Inger N. Balean, inger@visitbergen.com

### Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,  
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

### Samandrag:

Destinasjonsselskapene i samarbeid med representanter fra fylkeskommunen utvidet fra 2010 aktivitetene med særskilt opplæring av ansatte med fokus på alle regioner samt oppgraderinger av faste installasjoner som promoterer hele fylket. Eksempler på dette er en egen workshop for alle ansatte med destinasjonsselskaper tilstede, en egen studietur i regionen, en oppdatering av informasjonstablå og en helt ny skranke og utstillingsområde for den bemannede delen.

Daglige målinger i 2012 viser et besøkstall på rundt 500.000 toalt. Målinger viser at ca. 50% av de besøkende også etterspør og kjøper produkter og tjenester utenom Bergen, og da hovedsakelig i Hordaland fylke.

# Forstudium “Marine Global Centres of Expertise”

## Tilsegn 127-2013MA

*Den marine klynga i Hordaland er mellom Norges mest komplette klynger. “Marin Global Center of Expertise” vil kunne bidra til utvikling av relasjonar og forsterke sjømatnæringasin internasjonale posisjon.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 300 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 150 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats	150 000
RUP, Hordaland	150 000

**Prosjektstart:** 05.08.2013.

**Prosjektlutt:** 31.05.2014.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Fiskeriforum Vest, Tanja Hoel

### Prosjektleder:

Asle Lygre, asle.lygre@idevekst.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

siri.hanson, siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

Regjeringa skal styrke arbeidet med å få fram sterke globale næringsklynger og skal utvide den vellukka klyngepolitikken med eit nytt nivå; «Global Centres of Expertise. Den marine klynga i Hordaland er mellom dei mest komplette klynger i Noreg, samman med maritim sektor og offshoreverksemda. GCE vil kunne bidra til utvikling av transnasjonale klyngerelasjonar basert på komplementære ressurser og forsterke sjømatnæringa i Bergensregionen sin internasjonale posisjon.

Næringa må fortsette å jobbe med rammebetingingar, infrastruktur, forskning og utvikling, innovasjon og teknologiutvikling, utdanning og rekruttering og samlokalisering. Eit GCE program vil bidra til at den marine klynga kan nå disse måla i framtida, auke verdiskapinga og forsterke klynga og klyngeverksemdenes attraktivitet og posisjon innanfor globale verdikjeder.

I forstudiet skal Fiskeriforum Vest samle aktørane om felles mål og arbeide fram ein GCE-søknad til mars 2014.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Møteplass Mat

## Tilsegn 128-2013MA

*Møteplass Mat skal være ein samhandlingsarena for landbruk, sjømat, reiseliv og forskning innanfor det matfaglige området. Her er det fokus på viktige tema knytt til utfordringar og moglegheiter for regionen når det gjeld utvikling av mattilbodet og posisjonering av Hordaland på matområdet.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 990 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Deltakeravgift på møter:	kr 25 000
Egeninnsats partnerskap, delt.:	kr 265 000
Fylkesmannen i Hordaland:	kr 50 000
Privat finansiering:	kr 75 000
RUP Hordaland:	kr 125 000

**Prosjektstart:** 01.10.2013.

**Prosjektlutt:** 01.10.2014.

### Prosjekteigar:

Stiftelsen Norsk Sjømatsenter

### Prosjektleiar:

Alexandra Krage Angell, alexandra@sjomat.no

### Sakshandsamar:

Siri Hanson,  
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

Bergen og Hordaland jobber aktivt med å utvikle byen og regionen som eit matfylke. Dette vert gjort gjennom gode initiativ som etablering av blå/ grønn matstrategi og ikkje minst gjennom søknad om deltaking i Unesco Creative Cities of Gastronomi. Det er fokus på lokal mat med god spissing på sjømat, og næringspolitisk jobbast det godt med å etablere Bergen som Sjømatby nr. 1. Desse aktivitetane forpliktar til samarbeid mellom restaurantane og inn mot leverandørar av råvarer. Møteplass Mat skal vere ein area for samarbeid og kompetanseheving. Etablering av ein matfaglig møteplass har forankring i både Regionalt utviklingsprogram og den strategiske næringsplanen for Bergensregionen.

# Organisasjonsbygging av Vossameny

## Tilsegn-131-2013-RL

*Etablering av Næringshagen på Voss med prioritering av matsegmentet der Vossameny er den sentrale organisasjonen. Behovet for å styrke satsinga på mat finn ein att i Regional næringsplan.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 400 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 125 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Egenandel	150 000
Landbruksavdelingen hos FMLA	125 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	125 000

**Prosjektstart:** 01.11.2013.

**Prosjektslutt:** 31.10.2014.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Næringshagen på Voss, Frode Rokne

### Prosjektleder:

Frode Horvik, frode@generasjonsmat.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

berit.vetlejord, berit.vetlejord@hfk.no

### Samandrag:

Vossameny representerer matsegmentet i Næringshagen på Voss. Denne etableringa og forventninga frå mange hald, gjer at Vossameny i denne fasen har sterkt behov for å styrke og vidareutvikle organisasjonen. Aktivitetane i prosjektet er: Rekruttering av medlemmer og konsolidering, utarbeiding av menyar, opprusting av servicebedrifter, utvikling av database og profilering av Vossameny utad, evaluering og sluttrapport.

Tilsegnsdato: 14.10.13.



# Nyskapingsparken inkubator 2013

## Tilsegn-132-2013EP

Nyskapingsparken er organisert som eit prosjekt med prosjektstart 01.01.2012 og prosjektslutt 31.12.2016, eigd av Høgskulen i Bergen. Kjerneverksemda til inkubatoren er rådgjeving innan forretningsutvikling, tett oppfølging og støttetjenestar til inkubatorverksemdene.

**Totale prosjektkostnader:** kr 4 553 936

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 900 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen kommune	800 000
BTO/ UiB	2 450 000
Deltakeravgift	1 540 000
HiB	2 450 000
NHH	200 000
Nye finansører/ tilleggsfinansører	1 213 936
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	3 600 000
SIVA	6 800 000

**Prosjektstart:** 01.07.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Høgskolen i Bergen, Halvor Austenå

### Prosjektleder:

Hilde Indreøvde, hin@hib.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

Jostein Farestveit, jostein.farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Inkubatoren vart etablert med føremål om å vere fødselshjelp for nystarta verksemdar med vekstpotensial med opphav frå FoU-miljøa i Hordaland, og med dette medverke til entreprenørskap og nyskaping i fylket. Inkubatoren har som målsetting å ha minst 15 verksemdar i inkubatoren til ei kvar tid i prosjektperioden. Blant hovudoppgåvene til Nyskapingsparken finn ein: *Idèfangst og preinkubasjon* - vurdering av idèar, søknadshandsaming og marknadsføring av inkubator og inkubatorverksemdene - *Inkubasjon* - God rådgjeving innan forretningsutvikling og støttetjenestar til inkubatorverksemdene er kjernen i Nyskapingsparken sitt arbeid. Det skal etablerast eit årleg kompetanseprogram beståande av mellom anna fagseminar og workshops som arrangerast fem gonger i året. - *Internasjonalisering* - Det skal etablerast kontakt med internasjonale inkubatorar, med føremål om å få til utvekslingavtalar med desse. Ein skal og undersøke moglegheitene for nordiske samarbeid om inkubasjon.

# Ringvirkningsanalyse for havbruk på kommunenivå

## Tilsegn 133-2013MA

*FHL Vestnorsk Havbrukslag har på bakgrunn av gode erfaringer fra Troms Fylke kontaktet NOFIMA med sikte på å få utarbeidet en ringvirkningsanalyse på kommunenivå i Hordaland og i neste fase muligens også andre fylker på Vestlandet.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 750 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Egen finansiering:	kr 450 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 300 000

**Prosjektstart:** 01.08.2013.

**Prosjektslutt:** 30.06.2014.

### Prosjekteigar:

Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening

### Prosjektleder:

Hans Inge Algrøy, hans.inge.algroy@fhl.no

### Sakshandsamar:

Inge Døskeland,  
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

### Samandrag:

I havbruksnæringa sine møter med kommunane vert det i stadig større grad spurt om kva kommunane har igjen for å tilretteleggje for havbruksnæringa i sine kystsoneplaner. Det vert registrert nokre stader ein aukande tendens til negativ oppfatning av næringa og tilsvarande mindre vilje til tilrettelegging.

# Mjølkeprosjekt i Voss 2013-2016

## Tilsegn 135-2013

Målet med prosjektet er å auka mjølkeproduksjon i Voss med 8 % fram til 2016.

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 164 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Fylkesmann i Hordaland:	kr 150 000
IN:	kr 150 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 300 000
TINE:	kr 264 000
Voss kommune:	kr 300 000

**Prosjektstart:** 11.10.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2015.

### Prosjekteigar:

Voss Kommune

### Prosjektleiar:

Kari Marie Njåstad, kari.marie.njastad@tine.no

### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,  
tlf. 55539523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

### Samandrag:

Målsettinga med prosjektet er å auke mjølkemengda på Voss med 8 %, dvs. 1,4 millionar liter auka mjølkeleveransar i prosjektperioden 2013 til medio 2016. Leiaren i prosjekt skal lose framtidige mjølkeprodusentar. Han skal finne dei rette kandidatane, hjelpe til med planer, finansiering og sjå til at byggeprosessar vert riktig organisert. Målgruppa for prosjektet er eksisterande og nye mjølkebønder i Voss. Meieriet på Voss treng jamn og sikker tilføring av mjølk . Ei auka tilføring av lokal mjølk vil styrka økonomien til meieriet og evnen til å investera i produksjonen framover. Karakteristiske trekk ved Vossameieriet er eit stort mjølkevolum med kort inntransport til meieriet. Dette gir eit kort kretsløp og god miljøvenleg produksjonsprofil.

Tilsegnsdato: 11.10.2013

# Etablerarkurs på Voss hausten 2013

## Tilsegn136-2013EP

Samarbeidsrådet Aurland, Vik, Voss søker om kr. 21400 i tilskot og kr. 15000 i marknadsføringsstøtte til etableraropplæring på Voss hausten 2013. Det vil bli halde etablerarkurs overs seks kveldar, i tillegg til at det vil bli sett av tid til individuell rettleiing for deltakarane. Det er høve til å melde seg på heile kurset under eitt, eller berre delta på utvalde kurskveldar/temakurs

**Totale prosjektkostnader:** kr 75 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigenandel kursdeltakar:	kr 7 500
Regionalt næringsfond:	kr 11 300
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 36 400
Voss kommune, arbeid mm:	kr 19 800

**Prosjektstart:** 18.09.2013.

**Prosjektlutt:** 30.11.2013.

### Prosjekteigar:

Voss kommune

### Prosjektleiar:

Iiril Schau Johansen, iril.schau.johansen@voss.kommune.no

### Sakshandsamar:

Torill Monstad,  
tlf. 55239292, epost: torill.monstad@hfk.no

### Samandrag:

Arbeidsområdet til samarbeidsrådet Aurland, Vik, Voss er mellom anna å styrkja og utvikla næringslivet i regionen. I retningslinjene til det regionale næringsfondet heiter det mellom anna; Midlane skal medverka til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet og tilrettelegga for dette.

Samarbeidsrådet har arrangert felles etableraropplæring dei fire siste åra, og held fram med felles opplæring i 2013. I tillegg vil etablerarar frå andre nabokommunane til Voss verta invitert til å delta på kursa. Kursa vert arrangert i samarbeid med jobbskapingssprosjekt i NAV Hordaland.

## Kystskogbruket, 2. - 3. programår

### Tilsegn 137-2013LA

*Hordaland fylkeskommune har forpliktet seg til deltaking i "Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram for Kystskogbruket".*

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 590 000

#### Finansieringsplan for prosjektet:

Fylkeskommunene pr fylke 60000 i 2011 - 75000 i 12:	kr 1 155 000
Fylkesmannsembetene i kystskogbruksfylkene 2011/12:	kr 300 000
Hordaland fylkeskommunes andel 2011-12 RUP:	kr 135 000

**Prosjektstart:** 01.01.2011.

**Prosjektslutt:** 31.12.2012.

#### Prosjekteigar:

Kystskogbruket v/ Nord-Trøndelag fylkeskommune

#### Prosjektleder:

Kirsti Haagensli, [kirsti.haagensli@ntfk.no](mailto:kirsti.haagensli@ntfk.no)

#### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,  
tlf. 55239523, epost: [heidi.bjonnes.larsen@hfk.no](mailto:heidi.bjonnes.larsen@hfk.no)

#### Samandrag:

Melding om kystskogbruket har to hovedbudskap. Den påpeker det store potensialet for økt verdiskaping, og den viser til skogens betydning i klimasammenheng. Meldinga har som overordnet målsetting at verdiskapingen i skognæringen i kystskogbruket skal fordobles innen 2020. Skogbruket i kystfylkene har en rekke felles utfordringer. Som økt bruk av trevirke, økt avvirkning på kort og lang sikt, ressursoppbygging og kvalitet på framtidsskogen og ikke minst økt fokus på skog og klima. Det er satset tre fellesprosjekter for kystfylkene (mer om prosjektene under menyknappen Kystskogprosjekter): skogsveiplanlegging på område-/bygdenivå, rådgivingskompetanse på skogsdrift i bratt og vanskelig terreng og koordinere samarbeidet videre mellom fylkene.

Tilsegnsdato: 14.10.2013

# Prosjekt Deltaking i "Treklangsamarbeidet"

## Tilsegn 138-2013NK

Samarbeidet har som mål å auke bruk av tre bl.a. til husbygging, også som erstatning for jern og betong. Å nytte tre i staden for desse materiala kan redusere utslepp og inneber også å nytte fornybare ressursar.

**Totale prosjektkostnader:** kr 175 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 50 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats	25 000
Hordaland fylkeskommune-klimaplan	50 000
Opplæringsavdelinga HFK	50 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	50 000

**Prosjektstart:** 01.08.2013.

**Prosjektlutt:** 31.07.2014.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Arna vidaregåande skule, Magne Wiik

### Prosjektleiar:

Ståle Brattebø, stabra@hfk.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

Yngvar Hagala, yngvar.hagala@hfk.no

### Samandrag:

Prosjektet "Treklang" blei starta opp i 2012 med bakgrunn i moglegheitene som ligg i å bruke massivt tre som byggjemateriale både til husbygging, møbelbygging og diverse designgjenstandar. Rekruttering av ungdom til dei aktuelle faga var også eit viktig moment for å sette i gang dette prosjektet.

Tilsegnsdato: 14.10.2013

# Infrastrukturprogram i kystskogbruket

## Tilsegn 142-2013LA

*Infrastrukturprogrammet har som formål å greie ut om korleis ein ekstraordinær utbygging av infrastrukturen i kystskogbruket kan gjennomførast. Programmet skal omfatte et samfunnsøkonomisk, framtidsretta og klimatilpassa infrastrukturbehov i verdikjeda frå skogen til industrien i et tidsperspektiv på de kommande 25 år.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 4 800 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats aktørar:	kr 800 000
Innovasjon Norge:	kr 600 000
Kystskogmidlar:	kr 500 000
Momsrefusjon:	kr 800 000
Regionale utviklingsmidlar (RUP):	kr 70 000
Skogtiltaksfondet:	kr 700 000
Søkas andre fylkeskommunar:	kr 630 000
Transnova:	kr 500 000
Utviklingsfondet for skogbruk:	kr 200 000

**Prosjektstart:** 15.10.2013.

**Prosjektslutt:** 01.05.2015.

### Prosjekteigar:

ALLSKOG SA

### Prosjektleiar:

Jan Olsen, jo@skogkurs.no

### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,  
tlf. 55239523, e-post: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

### Samandrag:

Dagens infrastruktur langs kysten, både den offentlige og i skogen, vil ikkje kunne handtera de store skogressursane frå kulturskogane som blir hogstmoden de nærmaste 10-årene. En klimatilpassa utbygging av terminaler for sjøtransport, økt utbygging av tilhørande skogsvegnett og en forbetring av det offentlige vegnettet (spesielt flaskehalsene), er derfor helt nødvendig for å ivareta resursane.

Tilsegnsdato: 15.10.2013

# BIFF - Prosjekt 2013

## Tilsegn 158-2013KN

*BIFF har utvikla seg til å bli ein av Nordens største mønstringar for dokumentarfilmfeltet, og gjennomfører òg ei seminar og paneldebattar knytt til relevante filmar og tema.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 287 500

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering/eigne midlar:	kr 187 500
Hordaland fylkeskommune - RUP:	kr 100 000

**Prosjektstart:** 20.10.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Bergen internasjonale filmfestival

### Prosjektleiar:

Tor Fosse, fosse@biff.no

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Under BIFF 2013 støttar næringsseksjonen prosjekt som er knytt opp mot relevante næringer i fylket. Dette gjeld mellom anna seminar knytt opp mot økonomisk skeivfordeling i verda, verdshava si tilstand, sikkerheitspolitikk og personvern.

Arrangementa set søkelys på samfunnsfaglege problemstillingar og belyser problemstillingar knytt opp mot viktige næringer i Hordaland.

Tilsegnsdato: 17.10.2013



# Kompetanseheving i byggebransjen

## Tilsegn 167-2013NK

*I Næringshagen på Voss er byggsegmetet prioritert. Det satsast på kompetanseheving i restaurering og på etablering av eit bygningsvernssenter.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 775 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 250 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering	250 000
Egenandel (arbeidstid egeninnsats)	250 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	250 000
Tildelt tilskudd Visjon Vest	25 000

**Prosjektstart:** 02.09.2013.

**Prosjektlutt:** 01.04.2014.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Næringshagen på Voss, Frode Rokne

### Prosjektleder:

Knut Venneslan, knut.venneslan@fof.uib.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

Yngvar Hagala, yngvar.hagala@hfk.no

### Samandrag:

Prosjekt målsetning:

1. Å få gjennomført eit kompetansehevingskurs i restaurering med eksamen, sertifisering og ev. studiepoeng.
2. Å lage ein mal for kompetansehevande kurs innan byggfaget / handverksfaga.
3. Å leggje grunnlaget for kompetanseutvikling i det planlagte bygningsvernssenteret.

Tilsegnsdato: 28.10.2013

# NCE Tourism - Fjord Norway

## Tilsegn-173-2013-RL

NCE Tourism Fjord Norway er evaluert positivt etter første prosjektrunde og er klare for andre fase.

**Totale prosjektkostnader:** kr 39 400 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Deltakerbedrifter: egeninnsats:	kr 11 900 000
Deltakerbedrifter: kontanttilskudd:	kr 6 250 000
FoU/Utdanning: egeninnsats:	kr 3 300 000
NCE programmet:	kr 13 750 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 1 050 000
Øvrige offentlige:	kr 3 150 000

**Prosjektstart:** 2010

**Prosjektlutt:** 2020

### Prosjekteigar:

NCE Tourism - Fjord Norway v/Fjord Norge AS

### Prosjektleder:

Marcel Niederhauser, marcel@ncetourism.com

### Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,  
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

### Samandrag:

En sterk ambisjon er at reiselivsklyngen på Vestlandet, NCET, skritt for skritt skal klatre mot et næringsledet og forskningsorientert kunnskapsnav. NCET skal derfor styrkes som et innovasjonsnettverk som systematisk utforsker og fasiliterer potensialet for foredling av landsdelens unike råvarer. Dette i form av natur- og nye opplevelsesprodukter, tett koblet mot en dypere forståelse for globaliserte kunde- og interessefelleskap og det kommersielle potensialet disse representerer. NCET skal styrke sin rolle som et fasiliterings- og kompetansesenter innen områder som konsept- og produktutvikling, tjenesteinnovasjon, pakketering, sikkerhet, kvalitetsutvikling, reiselivsjuss, markedskunnskap, distribusjonsledd og teknologier.

# NCE Subsea partner 2013

## Tilsegn-175-2013E

*NCE Subsea er ein industridrevet klyngeutviklingsaktør som skal forsterke innovasjonsaktiviteten, høyne det internasjonale engasjementet og auke kapasitet, konkurransekraft og verdiskaping hos aktørane.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 42 538 519

### Finansieringsplan for prosjektet:

Klyngeaktører:	kr 23 113 519
NCE programmet:	kr 17 500 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 1 925 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

NCE Subsea Drift AS

### Prosjektleder:

Trond Olsen, trond.olsen@ncesubsea.no

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

Våren 2006 ble subseaklynga i Hordaland gitt status som Norwegian Centre of Expertise (NCE) ved at klynga ble tatt opp i NCE programmet. Fylkeskommunen har vore ein partner sidan oppstart. NCE Subsea er eit industridrevet initiativ for styrking og internasjonalisering av næringsliv, forskning og utdanning. NCE-programmet har som hovudmål å utløyse og forsterke samarbeidsbaserte innovasjons- og internasjonaliseringsprosessar som aukar verdiskapinga i klyngebedriftene.

Formålet med NCE Subsea er å forsterke innovasjonsaktiviteten, høyne det internasjonale engasjementet og auke kapasitet, konkurransekraft og verdiskaping hos dei ulike aktørane i klynga og i klynga som heilheit. Fasilitatoren skal vere ein pådrivar for samhandling, innovasjon og globalisering for klynga sine partnarar og medlem i den hensikt å auke aktørane sin konkurransekraft og verdiskaping. Oppdraget til NCE Subsea er å fasilitere utviklinga av subseaklynga både i forhold til klynga sin visjon og sine mål, og i forhold til NCE-programmet sine rammer og ambisjonar.

Tilsegnsdato: 06.11.2013

# Maritim Industriinkubator Sunnhordland

## Tilsegn 177-2013MA

*Atheno driv den maritime industriinkubatoren i Sunnhordland med fokus på innovasjon og nyskaping.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 7 700 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 200 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 2 600 000
SIVA/kommunar:	kr 3 000 000
Verksemder:	kr 1 900 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Atheno

### Prosjektleder:

Sylvi Røssland Sørfonn, sylv@atheno.no

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

I Revidert Nasjonalbudsjett våren 2010 vart Verftspakken lansert. Grunnen var utfordringar i maritim/offshore sektor og omstillingsbehov i norsk industri i høve globalisering og teknologisk utvikling. SIVA fekk NOK 25 mill til oppretting av fem maritime industriinkubatorar kor den eine av desse var Atheno. Prosjektet skulle gå over fem år, altså ut 2014.

Atheno skal ha auka fokus på innovasjon og nyskaping i Sunnhordland gjennom:

- Samarbeid og nettverksbygging mellom Atheno på Stord og inkubatoravdelingar i Bømlo, Tysnes, Kvinnherad og Austevoll
- Samarbeid med etablerte bedrifter, FoU-miljø og verkemiddelapparat
- Oppretting av nye bedrifter og utvikling av eksisterande bedrifter

Tilsegnsdato: 07.11.2013

# SFI søknad,- Bærekraftige fôrressursar i havbruk.

## Tilsegn 180-2013MA

*Oppdrettsnæringa er opptatt av å finne nye lokalt produserte og bærekraftige råvarar til fôr. Aktørar frå heile verdikjeda har gått saman med forskningsmiljøa om utvikling av eit Senter for Forskningsdreve Innovasjon .*

**Totale prosjektkostnader:** kr 400 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 200 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Prosjektpartnere	200 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	200 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektlutt:** 01.03.2014.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Universitetet i Bergen, Bio, Thorolf Magnesen

### Prosjektleiar:

Thorolf Magnesen, thorolf.magnesen@bio.uib.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

siri.hanson, siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

Bakgrunnen for prosjektet er at tilgangen på marine råvarar av høg kvalitet er ein flaskehals for berekraft og produksjonsauke i oppdrettsnæringa. Noreg importerar store mengder fôr råvarer både til oppdrettsnæringa og til landbruk. Prisen på fiskemel og olje har auka mye dei siste åra og den globale produksjonen er stabil eller redusert. For å bøte på denne situasjonen har oppdrettsnæringa tatt i bruk stadig aukande mengd med vegetabilsk olje i fôret. Tilgangen på marine råvarer er ein kritisk faktor i oppdrettsnæringa og eit svakt ledd i verdikjeden.

Oppdrettsnæringa er nå svært opptatt av å finne nye lokalt produserte og bærekraftige råvare til fôr. Aktørar frå heile verdikjeda; teknologi,produksjon av biomasse,fôr, oppdretts- og kommersialiseringsaktørar har gått saman med forskningsmiljøa og sendt inn ei SFI skisse til Norges Forskingsråd, med arbeidstitel: "Senter for lavtrofiske ressursar i bærekraftig havbruk."

Videreføring av dette arbeidet og formalisering av eit nettverk frem mot endeleg søknad er svært ressurskrevende, og dette prosjektet skal ta arbeidet vidare mot ein fullstendig SFI-søknad.

Tilsegnsdato: 22.11.2013

# Forprosjekt møte- og arrangementmarkedet Hordaland

## Tilsegn 181-2013-RL

*Samarbeid mellom destinasjonsselskapa i Hordaland for å undersøke om det er grunnlag for eit felles framstøt mot MICE marknaden.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 100 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats:	kr 20 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 80 000

**Prosjektstart:** 14.11.2013.

**Prosjektslutt:** 03.02.2014.

### Prosjekteigar:

Bergen Reiselivslag

### Prosjektleiar:

Linn Steen, linn.steen@visitbergen.com

### Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,  
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

### Samandrag:

Møte- og arrangementsmarkedet skiller seg fra ferie/fritid segmentet på en rekke områder. Regjeringens nye reiselivsstrategi har som mål å få en mer produktiv næring med flere helårige arbeidsplasser. Mer samarbeid er nøkkelen til profesjonalisering på tvers av destinasjonene i dag. Forprosjektet vil gjøre en nødvendig analyse for å identifisere samarbeidspartnere i Hordaland. Informasjon om hvilke markeder og målgrupper destinasjonene og aktørene ønsker å rette seg mot er en viktig del av dette arbeidet. Bergen Reiselivslag har særlig kompetanse på området, og de øvrige destinasjonsselskapene ønsker å gjøre seg nytte av denne kunnskapen. Samtidig er Bergen som by avhengige av regionene rundt Bergen for å framstå som en attraktiv aktivitetstilbyder. Tilsegnsdato:

# Herlandsfoss aktivitets- og familiepark

## Tilsegn182-2013-RL

*Forprosjekt for å finne samarbeidspartnarar og overkomme hindringar til samarbeid fram mot eit mogeleg hovudprosjekt. Herlandsfossen gamle kraftverk er eigd av BKK og eit verna bygg som i dag står tomt. Planane for prosjektet er å vurdere mogelegheiter for å utvikla bygget og området til eit reiselivsprodukt.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 210 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

BKK:	kr 90 000
Eigeninnsats:	kr 30 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 90 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektlutt:** 28.02.2014.

### Prosjekteigar:

BKK

### Prosjektleder:

Jan Roald Myking, mykingjr@frisurf.no

### Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,  
tlf. 55239316, epost: marta.dixon@hfk.no

### Samandrag:

Herlandsfossen gamle kraftverk skal rustast opp og utviklast til eit reiselivstilbod. Visjonen for Hordaland er å vera best i Norden innan natur- og kulturbaserte opplevingar. Herlandsfoss aktivitets- og familiepark vil med sitt mangfall (mange ulike aktørar/mange opplevingar) vera den einaste attraksjonen i sitt slag i Hordaland. Osterøy manglar ein fyrtårnatraksjon. Herlandsfoss aktivites- og familiepark kan verta ein slik attraksjon. Dette skal vera ein dynamo for utvikling og styrking av reiselivet i heile Osterøy. Herlandsfoss aktivitets- og familiepark vil gi inngang til temabasert oppleving (kunst- og kultur, utnytting av vasskraft, presentasjon av industri og handverk på Osterøy, historie: Herlandsfossen, Havråtunet, Ole Bull-huset, Hamre kyrkje, Osterøy Museum, m.m.)

Tilsegnsdato:

## Fylkeskommunal medverknad til utvikling av spelefilm og TV-seriar i produksjonsfase»

### Tilsegn 184-2013KN

(Tilsegn 111-12KN)

*Det har aldri vore sett i gang så mange spelefilmar i Hordaland som i 2013, og fleire filmar er nær produksjonsstart. Hordaland fylkeskommune ønskjer å medverke til den positive utviklinga i filmnæringa.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 750 000

#### Finansieringsplan for prosjektet:

Kulturdepartementet:	kr 2 500 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 250 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektslutt:** 01.08.2014.

#### Prosjekteigar:

Fuzz AS

#### Prosjektleiar:

Fuzz AS, lars@fuzz.no

#### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

#### Samandrag:

Tilsagnet er ei vidareføring av ordninga «Fylkeskommunal medverknad til utvikling av spelefilm og TV-seriar i produksjonsfase» frå 2008, som frå 2010 òg er utvida til å gjelde dataspel.

Midlane frå fylkeskommunen har medverka i fleire audiovisuelle produksjonar på Vestlandet, og med dette skapt ein markant positiv effekt for både filmarbeidarar, leverandørar og produksjonsselskap i Hordaland. Midlane går uavkorta til produksjon av audiovisuelt innhald med tilknytning til Vestlandet, noko Fuzz set strenge krav til når dei handsamar prosjektsøknader. Filmene nyttar mange innspelingsstader i fylket og medverkar slik til positiv aktivitet i nesten heile fylket.

Tilsegnsdato: 19.11.2013



## Nettbasert agronomkurs for vaksne på Stend

Tilsegn 186-2013LA

*Interessen for det nettbaserte agronomkurset som startet høsten 2013 var formidabel. Derfor er det ynskjeleg å starte opp en ny klasse høsten 2014.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 306 120

### Finansieringsplan for prosjektet:

Bidrag fra Stend:	kr 120
RULL i landbruket Hordaland:	kr 102 000
RUP Hordaland:	kr 102 000
Voksenopplæringsmidler Hordaland:	kr 102 000

**Prosjektstart:** 21.11.2013.

**Prosjektslutt:** 24.07.2015.

### Prosjekteigar:

Stend vidaregåande skule

### Prosjektleiar:

Erling Kjosås, Erling.Kjosas@hfk.no

### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

### Samandrag:

Utviklingen innan landbruksutdanningen viser at stadig færre elever mellom 16 og 18 år tar agronomutdanning (fagutdanning i landbruket). Årsakane til dette er fleire, men ei av dei er at dei fleste overtar familiebruket eller kjøper seg gård i godt vaksen alder. Dei som skal inn som yrkesutøvere i landbruket har derfor som regel ei anna utdanning og yrkesbakgrunn, samtidig som riktig kompetanse er ein viktig faktor for å lykkas i næringen. Prosjektet ynskjer å legge til rette slik at agronomutdanning er lett tilgjengleg for og tilpassa situasjonen til nye bønder.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# MediaRegionBergen

## Tilsegn 187-2013KN

*Medie- og teknologibransjen i Hordaland ønsker i samarbeid med sentrale utdannings- og FoU-institusjonar å byggje ein medlemsorganisasjon for mediebransjen i Hordaland.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 050 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Driftstilskudd Bergen kommune:	kr 350 000
Medlemsavgift bransje:	kr 350 000
RUP:	kr 350 000

**Prosjektstart:** 01.11.2013.

**Prosjektlutt:** 01.07.2014.

### Prosjekteigar:

MediaRegion Bergen

### Prosjektleiar:

Stig Frode Opsvik, stigfrode@mediarena.no

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: Jostein.Farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Føremålet med MediaRegionBergen er å ha eit felles overbygg som kan medverke til å drive fram viktige prosjekt for utviklinga av ei medieklynge. Sentrale prosjekt vil vere MediArena, nærings- og kunnskapsparken MediaCityBergen, Greenhouse for gründerar og ein medialab for forskning og utvikling. Dette prosjektet skal medverke til å utvikle og etablere MediaRegionBergen, mellom anna gjennom å identifisere samarbeidspartnarar og klargjere korleis organisasjonen skal driftast.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Gartnarutdanning på deltid 2014-16

## Tilsegn 188-2013LA

*Målet med prosjektet er å utdanne gartnarar til og for næringa ved å tilby ei formell deltidsutdanning som er tilpassa vaksne.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 620 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Hordaland fylkeskommune vaksenopplæringsmidlar:	kr 207 000
RULL-midlar landbruket:	kr 207 000
RUP:	kr 206 000

**Prosjektstart:** 21.11.2013.

**Prosjektlutt:** 30.06.2016.

### Prosjekteigar:

Rektor Gunnbjørg Øyre

### Prosjektleiar:

Andrid Solaas Innset, Andrid.Innset@hfk.no

### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,  
tlf. 55239523, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

### Samandrag:

Gartnarutdanning i videregående skule når ikkje fram til ungdommen, men dei kjem tilbake til næringa og gartnarutdanninga som vaksne. Hausten 2013 starta Hjeltnes vgs den 3. klassen (etter reformen kunnskapsløftet) med vaksne gartnarara som tek utdanning på deltid. Trongen er større enn tilbodet og fleire søkerar fekk ikkje plass. Hjeltnes vgs ønskjer difor å starta ny klasse hausten 2014.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Industriutvikling Vest AS - drift 2013

## Tilsegn-189-2013EN

*Industriutvikling Vest er ein industriinkubator knytt til industrien på Mongstad og har som formål å utvikle forretningskonsept.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 3 260 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Administrasjonshonorar:	kr 300 000
Driftstilskudd andre offentlige:	kr 350 000
Driftstilskudd eiere:	kr 1 300 000
Finansinntekter:	kr 30 000
Husleieinntekter:	kr 130 000
Omsetning avg. pl:	kr 450 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 700 000

**Prosjektstart:** 01.01.2011.

**Prosjektslutt:** 30.06.2016.

### Prosjekteigar:

Industriutvikling vest

### Prosjektleder:

Børge Brundtland, bb@industriutviklingvest.no

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

Industriinkubatoren vart stifta 4. mai 2011. Etter at aktiviteten har vore under oppbygging er no selskapet over i ein driftsfase. Aktivitetsnivået har likevel enno ikkje kome opp på det nivå som opphaveleg var fastsett. Fylkeskommunen legg til grunn at kvar av eigarane har forplikta seg til å bidra med eit bestemt eigartilskot over programperioden på fem år. Dersom aktiviteten også framover blir lavere enn forutsett, legg vi til grunn at prosjektperioden blir forlenga. Hovudmålet er å utvikle investerbare forretningsutviklingsprosjekt som gjev tilfredsstillande avkastning. Overordna resultatmål er å skape ti nye verksemder i programperioden på fem år.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

## Flettverk hovudprosjekt, år 2 av 3

### Tilsegn 190-2013KN

*Flettverk har fungert i to og eit halvt år og har no gjennomført fleire større prosessar kor tekstilnæringa og FoU-miljø er kopla saman i opne innovasjonsprosessar.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 4 882 000

#### Finansieringsplan for prosjektet:

Bedriftene RFFV forprosjekt (opphald stud, design):	kr 20 000
Deltakarvagift og andre inntekter:	kr 100 000
Eigeninnsats:	kr 3 282 000
Kompetansemeklingsmidlar RFFV forprosjekt:	kr 100 000
Regionalt næringsfond for Osterfjord:	kr 580 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 500 000
RFFV (til forprosjekt):	kr 200 000
Vaksdal kommune RFFV forprosjekt:	kr 100 000

**Prosjektstart:** 01.10.2013.

**Prosjektslutt:** 01.10.2014.

#### Prosjekteigar:

Osterfjord Næringssamarbeid

#### Prosjektleiar:

Tone Boska, tone.boska@hotmail.com

#### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

#### Samandrag:

Prosjektet Flettverk tek rolla som koplør og igangsetjar av aktivitetar som næringsaktørane til no ikkje har gjort sjølve. Prosjektet skal vidareføre aktivitetar som har vore vellukka dei første to åra, i tillegg til no å rette merksemd mot mellom anna rekruttering. Om tekstilindustrien skal vere ei berekraftig bransje i framtida treng ein å arbeide strategisk og langsiktig med å rekruttere arbeidskraft. Flettverk skal arbeide for betre dialog mellom ulike utdanningsinstitusjonar og industrien, og hauste erfaring frå internasjonale utdanningsinstitusjonar.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Kystskogbruket, Fylkeskommunalt Oppfølgingsprogram

## Tilsegn 191-2013LA

*Bakgrunnen for programarbeidet er fylkeskommunenes ansvar for å følge opp de prioriterte skogpolitiske ansvarsområdene i Melding om Kystskogbruket. Siden dette felles programarbeidet startet har fylkeskommunene gjennom Forvaltningsreformen (2010) fått et medansvar for utviklingen på landbruksområdet.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 750 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

9 fylkeskommuner à kr 75.000,-:	kr 675 000
Hordaland Fylkeskommune RUP:	kr 75 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Nord-Trøndelag fylkeskommune, Kystskogbruket

### Prosjektleder:

Kirsti Haagensli, [kirsti.haagensli@ntfk.no](mailto:kirsti.haagensli@ntfk.no)

### Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,  
tlf. 55239523, epost: [heidi.bjonnes.larsen@hfk.no](mailto:heidi.bjonnes.larsen@hfk.no)

### Samandrag:

Utgangspunktet for 'Melding om Kystskogbruket' var manglande tømmerutgang til industrien og det paradoksale i at kystfylka samtidig har store uutnyttede skogsressursar. Hovedfokuset til meldinga er det store framtidige nærings- og klimapotensialet som ligg i kystfylka sine skogsressursar. Prosjektet ynskjer at man tar tak i og koordinerer igangsetting og gjennomføring av de fleste fylkeskommunalt prioriterte fellestiltaka. Vidare at det etableras system i alle fylkeskommunane for dei tiltaka som er av meir permanent løypande karakter slik at dei blir følgt opp i ein samordna form. Det er og ynskeleg at samarbeidssystem blir vidareutvikla i lag med skognæringa slik at oppfølginga best mulig koordineras med den fylkeskommunale.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Driftstilskott Maritimt Forum Bergensregionen

## Tilsegn-192-2013MA

*Hordaland fylkeskommune ønsker å styrke Maritimt forum for Bergensregionen som ein klyngeutviklar for den maritime klynga.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 2 100 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Driftstilskudd Bergen kommune:	kr 234 500
Driftstilskudd Bergens Rederiforening:	kr 600 000
Midler andre:	kr 565 500
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 500 000
Tilskudd Norges Rederiforbund:	kr 200 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritimt Forum Bergensregionen

### Prosjektleder:

Susanne Rislå Andersen, susanne.andersen@maritimt-forum.no

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

Som den maritime klyngeorganisasjonen i Hordland legg vi til grunn at Maritimt forum Bergensregionen ønskjer å vere eit reiskap for Hordaland Fylkeskommune knytt til bransjen si utvikling, kor de mellom anna fungerer som eit bindeledd mellom næring, akademia og myndigheter. For at Maritimt Forum skal vere eit slikt verktøy er det avgjerande med eit økonomisk handlingsrom. Vi legg til grunn at eit tilskott vi gi grunnlag for ein god og effektiv tilrettelegging av kompetansebygging, tyngre maritime fellesprosjekt og auka samarbeid mellom næringsliv og kunnskapsmiljø. Nettverksorganisasjonen Maritimt Forum Bergensregionen skal jobbe aktivt for å synleggjere, styrke og vidareutvikle heile den omfattande maritime næringsklynga i regionen.

Tilsegnsdato: 21.11.2013

# Kompetansekartlegging Askøy

## Tilsegn 194-2013NK

*Målet til prosjektet er å kartlegge behovet for kompetanse bedrifter på Askøy har fram mot 2025. Askøy videregående skole ønsker at deira undervisningstilbudet skal reflektera næringslivets behov.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 285 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

ASV - egne midler:	kr 185 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 100 000

**Prosjektstart:** 02.01.2014.

**Prosjektslutt:** 01.12.2014.

### Prosjekteigar:

Askøy videregående skole ved Sigrd Hiller

### Prosjektleder:

Sigrd Hiller, sigrid.hiller@hfk.no

### Sakshandsamar:

Yngvar Hagala,  
tlf. 55378016, epost: yngvar.hagala@hfk.no

### Samandrag:

Næringslivet på Askøy er i sterk vekst, og Askøy vidaregåande skole ønskjer å kartlegge hvilken kompetanse dei har behov for i åra som kjem. I tillegg er også folketalet på øya i sterk vekst, og dermed også elevtalet ved skolen. Askøy vgs skal i følgje skolebruksplanen byggast ut i perioden 2017-2020, og det er viktig at undervisningstilbudet på skolen reflekterer behovet hos næringslivet. Derfor er tidspunktet nå gunstig for å starte dette kartleggingsarbeidet.

Tilsegnsdato: 25.11.2013



# Fiskeriforum Vest

## Tilsegn 196-2013MA

*Stiftelsen Fiskeriforum Vest (FFV) er ein regional marin næringsorganisasjon og eit policyorgan som har som si viktigste rolle å bidra til ein kompetansebasert næringsutvikling og styrke samhandling regionalt mellom myndigheiter, næringsliv og forskingsmiljøa.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 3 922 000

**Finansiering frå Hordaland fylkeskommune og Regionalt utviklingsprogram for Hordaland med 192 000 kr.**

### Finansieringsplan for prosjektet:

Driftstilskudd og medlemsinntekter	930 000
Prosjektinntekter	2 800 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland	192 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjektansvarlig organisasjon og person:

Fiskeriforum Vest, Tanja Hoel

### Prosjektleder:

Tanja Hoel, tanja@sjomat.no

### Kontaktperson i Hordaland fylkeskommune:

siri.hanson, siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

Dei marine næringane har hatt ein sterk vekst, og få område har eit slikt framtidspotensial. Fleire sentrale rapportar og stortingsmeldingar som "Hav 21", "Verdiskaping basert på produktive hav 2050" og "Verdernes fremste sjømatnasjon" peiker på den industrielle styrken og vekstpotensialet i dei marine næringane. Sjømatklynga i Hordaland har i dag ein veletablert posisjon innanfor globale verdikjeder med stor internasjonal eksponering og eksport av kunnskap, produkt, tjenester til globale matmarknader. Hordaland er også sentral i forvaltningsplanar og kunnskapsutvikling for ei bærekraftig ressursutnytting av internasjonale hav og kystområde.

Fiskeriforum Vest har som hovedformål i 2013 å bidra til å igangsette ein prosess for eit strategisk samarbeid i den marine klyngena i regionen samt synleggjøre og profilere Bergensregionens sjømatklynge og Noregs posisjon som ein nasjonal og global sjømatregion.

Tilsegnsdato: 25.11.2013

# Matstrategi i Hordaland

## Tilsegn 205-2013MA

*Matstrategien skal fange opp heile verdikjeda i blå og grøn matsektor og ha fokus på lokal mat. Strategien skal inneholde felles mål og handlingspunkt. Prosjektet er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge og Fiskeriforum Vest.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 300 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Fylkesmannen i Hordaland:	kr 100 000
Innovasjon Norge:	kr 100 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 100 000

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektslutt:** 30.11.2013.

### Prosjekteigar:

Fylkesmannen i Hordaland

### Prosjektleiar:

Dreis AS, v/Anders Waage Nilsen, anders@dreis.no

### Sakshandsamar:

Siri Hanson,  
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

Det er i dag stor fokus på lokal mat som ledd i verdiskapning og reiselivssatsing, og ein ser no behov for å utvikle ein identitet og eit særpreg knytt til matsektoren i Hordaland. Matstrategien skal famne om både landbruks- og sjømatsektoren i vid forstad. Føremålet er å styrke Hordaland som matregion. Marknaden som Bergen representerer er sental i arbeidet.

# Vossolaugget

## Tilsegn 206-2013LS

Ca 500.000 Vossosmolt er produsert og sleppt ved kysten i 5-årsperioden 2009-2013. Laksen har komme tilbake i eit antall som gjer at gytebestandsmålet for Vosso p.t. er oppfylt, og sjølve kultiveringstiltaket er no avslutta. Prosjektet skal dokumentera effekten og spre erfaringar frå tiltaket på den regionale utviklinga.

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 385 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 160 000
Voss og Vaksdal kommuner:	kr 200 000
Vossolaugget 13 oppdrettsbedrifter kontanttilskudd:	kr 1 025 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektlutt:** 30.06.2016.

### Prosjekteigar:

Stiftelsen Voss Klekkeri

### Prosjektleder:

Tor Solberg, tor.solberg@uni.no

### Sakshandsamar:

Lars Tveit,

tlf. -, epost: lars.tveit@hfk.no

### Samandrag:

Den kjende Vossolaksen var bortimot forsvunne frå Vossovassdraget på slutten av 1980-tallet. I 2008 vart Vossolaugget etablert som samarbeidsprosjekt for å få laksen tilbake. Bedrifter fra oppdrettsnæringa inngjekk ein skriftleg partnaravtale om finansiering og drift av eit kultiveringsprosjekt for Vossolaks frem til våren 2013.

Til saman har det i perioden 2009-2013 blitt produsert ca. 500 000 smolt. Gjennom prosjektet har Vossolaksen kome tilbake i et antall som ikkje har vert registrert sidan tidleg på 1980-tallet, og andelen som stammar frå slep utgjør i dag 80-90% av laksen i elva. Men – det er enda usikkert om den reetablerte stamma vil vera sjølvbærande. Vossolaugget ser det difor som viktig å bidra til oppfølging av laksen som kjem tilbake dei nærmaste åra, og til ytterlegare å avklara trusselfaktorane som den møter. Like viktig er det for Vossolaugget å bidra til at ei reetablert stamme av Vossolaks fører til lokal og regional næringsutvikling både innan tradisjonelle og nye opplevelsesbaserte næringer.

# Nasjonalt kompetansesenter for spillutvikling

## Tilsegn207-2013KN

*Spillmakerlauget ønsker å bygge eit nasjonalt kompetansesenter for spelutvikling i Bergen og fekk nyleg kr 450 000,- frå Kulturrådet for å sjå på moglegheitene for dette.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 900 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen Kommune:	kr 100 000
Innovasjon Norge:	kr 150 000
Kulturrådet:	kr 450 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 200 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2014.

### Prosjekteigar:

Spillmakerlauget

### Prosjektleder:

Linn Søvig, linnsovig@spillmakerlauget.no

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Dataspellutviklingsbransjen er i sterk vekst nasjonalt og har behov for ei sterkare samordning. Eit kompetansesenter for spelutvikling skal mellom anna arbeide for å synleggjere norsk spelutvikling nasjonalt og internasjonalt, rettleie norske spelutviklarar i etablering, distribusjon og sal og ivareta bransjen sine interesser opp mot politikarar og media. Målet med dette forprosjektet er å få på plass ein solid strategi på korleis kompetansesenteret skal utformast og finansierast og kartlegge relevante samarbeidspartnarar.

Tilsegnsdato: 03.12.2013

# Kompetansemekling i VRI Hordaland 2012

## Tilsegn 208-2013

*Forprosjekta har som føremål å finansiere samarbeid mellom bedrift og eit utvald forskingsmiljø om utvikling av ei for bedrifta definert forskingsrelatert problemstilling.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 565 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Norges forskingsråd prosjekt 184363:	kr 376 600
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 188 400

**Prosjektstart:** 31.10.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Innovasjon Norge

### Prosjektleder:

Innovasjon Norge, may.britt.otterlei@invanor.no

### Sakshandsamar:

Jone Engelsvold,  
tlf. 55239325, epost: jone.engelsvold@hfk.no

### Samandrag:

Viser til Regionalt Utviklingsprogram for 2012 der VRI programmet er eit viktig virkemiddel i arbeidet med å styrka bedriftene si bruk av forskingsrelatert kunnskap i innovasjonsprosessar.

Hordaland fylkeskommune sit tildelingsbrev til Innovasjon Norge gjev føringar for bruken av dei bedriftsretta midlane frå fylkeskommunen.

# Kompetansemekling i VRI Hordaland 2013

## Tilsegn 209-2013

*Forprosjekta har som føremål å finansiere samarbeidet mellom bedrift og eit utvald forskingsmiljø om utvikling av ei for bedrifta definert forskingsrelatert problemstilling*

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 200 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Norges forskingsråd:	kr 400 000
REgionalt utviklingsprogram for Hordaland 2013:	kr 800 000

**Prosjektstart:** 14.03.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Innovasjon Norge

### Prosjektleder:

Innovasjon Norge, bjarnе.hollund@invanor.no

### Sakshandsamar:

Jone Engelsvold,  
tlf. 55239325, epost: jone.engelsvold@hfk.no

### Samandrag:

Det vart gjort vedtak i styret for VRI programmet 12.februar 2013 der ramma for VRI arbeidet i 2013 vart justert. For 2013 vart det fastsett at kr 1 200 000 av budsjettet skal nyttast til bedriftsretta forprosjekt som oppfølging av kompetansemekling i VRI programmet.

Innovasjon Norge skal nytte sine system og sin kompetanse til å gjennomføre utbetalingsvedtak og prosjektoppfølgning. Tildelingsbrevet frå Hordaland fylkeskommunegjev føringar for korleis Innovasjon Norge skal rette bruken av dei bedriftsretta virkemidlane frå fylkeskommunen.

# Forstudie: Forskning i Media City Bergen

## Tilsegn 212-2013KN

*I samband med etableringa av Media City Bergen ønskjer Institutt for informasjons- og medievitenskap ved UIB å kartlegge moglegheitene for å etablere eit Senter for Forskingsdriven Innovasjon(SFI).*

**Totale prosjektkostnader:** kr 456 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 63 000
Driftspartnere:	kr 50 000
Institutt for informasjons- og medievitenskap:	kr 206 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 137 000

**Prosjektstart:** 01.12.2013.

**Prosjektslutt:** 01.06.2014.

### Prosjekteigar:

Institutt for informasjons- og medievitenskap, UiB

### Prosjektleder:

Kristine Jørgensen, kristine.jorgensen@infomedia.uib.no

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Målet med prosjektet er å utarbeide ein søknad til Noregs Forskingsråd om eit SFI innan mediebransjen. I arbeidet skal ein identifisere samarbeidspartnarar nasjonalt og internasjonalt, og finne dei bransjenære problemstillingane ein ønskjer å arbeide med. I prosjektet skal ein mellom anna gjennomføre intervju og workshops med relevante aktørar i medieklynga.

Noregs Forskingsråd har gjeve administrativ tilbakemelding på den foreløpige prosjektskissa og Instituttet skal arbeide vidare med søknaden fram mot søknadsfrist 12. februar 2014.

Senteret for Forskingsdriven innovasjon skal medverke til å skape innovasjon i mediebransjen i Hordaland gjennom auka samarbeid mellom medie- og teknologiverksemdar og universitetet.

Tilsagnsdato: 03.12.2013

# Kompetansemekling i VRI Hordaland 2013

## Tilsegn 213-2013VRI

*I tråd med Konsortieavtalen skal tildelinga til stiftelsen Polytec dekke aktivitet knytt til virkemiddelet kompetandemekling*

**Totale prosjektkostnader:** kr 220 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Noregs forskingsråd:	kr 146 667
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 73 333

**Prosjektstart:** 12.04.2013.

**Prosjektslutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Stiftelsen Polytec

### Prosjektleder:

Nils Ådland, -

### Sakshandsamar:

Jone Engelsvold,  
tlf. 55239325, epost: jone.engelsvold@hfk.no

### Samandrag:

Prosjektet er eit delprosjekt under VRI Hordaland Samhanslingsprosjekt 01.09.2011-31.12.2013. VRI står for Virkemiddel for regional FoU og innovasjon. Konkret skal VRI bidra til vekst og innovasjon gjennom tettare samhandling mellom bedrifter og forskingsmiljø og auka bruk av forskingsbasert kunnskap i bedriftene i regionen.



# Steinparken; Forarbeid til bygging av varmestove og utstillingslokale

## Tilsegn 218-2013NK

*Føremålet med prosjektet er å planleggja ei utvikling av parken med eit hus til varmestove, verkstad og utstillingslokale der besøkjande kan ha opplevingar og aktivitetar uavhengig av ver og årstider*

**Totale prosjektkostnader:** kr 150 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats Rosendalstiftinga:	kr 60 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 45 000
Støtte næringsliv:	kr 45 000

**Prosjektstart:** 01.08.2013.

**Prosjektlutt:** 01.06.2014.

### Prosjekteigar:

Rosendalstiftinga ved Øystein Skaala

### Prosjektleiar:

Øystein Skaala, oystein.skaala@imr.no

### Sakshandsamar:

Yngvar Hagala,  
tlf. 55 37 80 16, epost: yngvar.hagala@hfk.no

### Samandrag:

Steinparken er eit av besøksmåla til Folgefonna nasjonalpark. Parken er blitt ein viktig attraksjon og aktivitetstilbod for reiselivsnæringa. Samstundes representerer parken eit sentralt undervisingsopplegg med utgangspunkt i Folgefonna nasjonalpark. Her kan besøkjande bli kjent med vanlege bergarter i regionen og fjordlandskapet som naturgrunnlag for viktige næringar. Parken er eit regionalt samarbeid mellom dei fem nasjonalparkkommunane Kvinnherad, Etne, Odda, Ullensvang og Jondal. Parken treng eit hus til varmestove, utstillingar og verkstad som vil auka attraksjonsverdien og bidra til å gjera attraksjonen uavhengig av ver og årstid.

Tilsegnsdato: 19.12.2013

# SFI CtrlAqua

## Tilsegn 219-2013MA

*Prosjektet skal utarbeide og levere ein søknad til Noregs Forskingsråd om støtte til etablering av eit «Senter for Forskningsdrevet Innovasjon» (SFI) som skal ha fokus på utvikling av biologiske og teknologiske løysingar for produksjon av stor laksesmolt i lukka system.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 400 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats bedriftspartnere:	kr 65 000
Eigeninnsats UiB:	kr 55 000
Eigeninnsats Uni Research:	kr 130 000
Eigeninnsats F&U partnarar:	kr 20 000
RUP:	kr 130 000

**Prosjektstart:** 11.12.2013.

**Prosjektlutt:** 01.03.2014.

### Prosjekteigar:

Uni Research AS

### Prosjektleiar:

Sigurd Handeland, sigurd.handeland@uni.no

### Sakshandsamar:

Siri Hanson,  
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

### Samandrag:

*Søknaden om støtte til etablering av CtrlAQUA «Centre for Controlled Environment Aquaculture» er eit samarbeid mellom NOFIMA, UNI Research, UiB og fleire kunnskapsmiljø og havbruksverksemdar. Det er gitt ein positiv tilbakemelding frå NFR på skissa som vart sendt inn. Dette prosjektet skal utvikle ein fullstendig søknad der innhaldet i senteret skal utdjupast innan m.a. fiskevelferd og helseovervaking, utvikling av ny teknologi, metodar og å tilpasse helsetiltak til nye driftsormar.*

# Forprosjektet SFI Energieffektiv skipsfart

## Tilsegn 223-2013MA

Maritime Cleantech West har initiert ein søknadsprosess for å bli eit senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI).

**Totale prosjektkostnader:** kr 590 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Anna finansiering:	kr 110 000
MCTW:	kr 100 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 180 000
Timeinnsats bedrifter/FoU institusjonar:	kr 200 000

**Prosjektstart:** 01.11.2013.

**Prosjektslutt:** 31.03.2014.

### Prosjekteigar:

Maritime CleanTech West

### Prosjektleder:

NN - skal avklarast i samråd med UiB /konsortiet, -

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. 970 93 086, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

Forskningsrådet sitt program «Senter for Forskningsdrevet Innovasjon» SFI, er eit svært egna verktøy for å styrke vår forskningsinnsats innan sentrale tema som opptek næringsaktørane i Maritime CleanTech West (MCTW). MCTW har difor initiert ei søknadsskisse til ein SFI innan energieffektiv skipsfart med følgjande tittel: "Maritime Operations and Maritime ENvironmental Technology Optimization for Sustainability - MOMENTOS". UiB står som fagleg søkjar og vert.

Visjonen er å bidra til å gjøre den norske maritime klyngen til verdensledende innen forskning, utvikling og anvendelse av energi- og kostnadseffektiv miljøteknologi. Konsortiet vil ha en helhetlig tilnærming til optimalisering av fartøy, teknologi og operasjoner med mål om å utvikle det norske nullutslippsfartøyet. Senteret vil konsentrere innsatsen i fire forskingsområder, hvor det fjerde skal ha en integrerende funksjon:

1. Operasjonelle betingelser (markedskrav, menneske – teknologi – organisasjon, naturdata)
2. Systemorientert Skipsdesign (Skrog/fartøydesign, materialvalg, styrings- og fremdriftssystemer).
3. Energisystemer (Energibærere, produksjon, distribusjon, lagring og omforming til elkraft).
4. Systemoptimalisering (bærekraftig helhetstenkning, ECO-index) .

Tilsegnsdato: 16.12.2013

# Søknad om GCE program for NCE Subsea

## Tilsegn 224-2013EN

*NCE Subsea har ambisjonar om å delta i den komande utlysingsrunden for Global Centre of Expertice (GCE) i regi av IN. For å styrke søknaden sett dei i verk ein målretta utviklingsprosess.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 1 000 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

NCE Subsea:	kr 500 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 200 000
SUT Norway:	kr 100 000
Underwater Technology Foundation:	kr 200 000

**Prosjektstart:** 01.11.2013.

**Prosjektslutt:** 30.06.2014.

### Prosjekteigar:

NCE Subsea Drift AS

### Prosjektleder:

Trond Olsen, trond.olsen@ncesubsea.no

### Sakshandsamar:

Arthur Kristian Arnesen,  
tlf. -, epost: arthur.kristian.arnesen@hfk.no

### Samandrag:

I 2006 fikk subsea klyngen i Hordaland status som Norwegian Centre of Expertise (NCE) og løper ut i 2016. Siden oppstart har subsea klyngen utviklet seg betydelig. Fasilitatoren NCE Subsea har høstet både lokal, nasjonal og internasjonal anerkjennelse for arbeidet som er gjort og de resultater som har fremkommet. NCE Subsea har gjennomgått en rekke interne og eksterne evalueringer, alle med svært gode resultater. I 2013 fikk fasilitatoren tildelt «Gold Label in Cluster Management Excellence». NCE Subsea har i lang tid posisjonert seg gjennom strategi og handlinger for å kunne søke opptak i et kommende GCE program. Vi har rimelig grunn til å anta at vi vil være en sterk kandidat til å bli tatt opp. Målet er å bli tatt opp i GCE programmet gjennom å utarbeide og sende inn skisse og deretter søknad.

Tilsegnsdato: 16.12.2013

# Åpen innovasjon – materialteknologi i marine miljø (forprosjekt)

## Tilsegn 225-2013IV

*Prosjektet skal freiste å finne felles problemstillingar innan næringane marin, maritim og olje og gass, som kan løysast gjennom samarbeidsprosessen «open innovasjon».*

**Totale prosjektkostnader:** kr 850 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats - Designråd Bergen (deltakerbedrifter):	kr 50 000
Egeninnsats - Fiskeriforum Vest (deltakerbedrifter):	kr 100 000
Egeninnsats - Maritimt Forum (deltakerbedrifter):	kr 100 000
Egeninnsats - NCE Subsea (deltakerbedrifter):	kr 200 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 400 000

**Prosjektstart:** 01.01.2014

**Prosjektslutt:** 15.06.2014

### Prosjekteigar:

UPTIME Centre of Competence AS

### Prosjektleiar:

Siri Kalvatn, siri.kalvatn@uptimecentre.no

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Dei havbaserte næringane har sterke leverandør, teknologi og kunnskapsmiljø i Hordaland. Ved å utvikle eit betre koordinert samarbeid mellom desse miljøa vil ein kunne løyse samanfallande utfordringar og med dette medverke til å auke verdiskapinga i næringane.

Dei fire klyngene NCE Subsea, Maritimt Forum, Fiskeriforum Vest og Design Region Bergen ønskjer å sjå på utfordringar knytt til materialteknologi, nærare bestemt overflateteknologi som skal nyttast i marine miljø. Utfordringar som korrosjon, lekkasje og begroing på skip vil vere naturlege problemstillingar å belyse. Hovudmålsetjinga med forprosjektet er å identifisere minimum tre konkrete samarbeidsområde ein skal gå vidare med i hovudprosjektet. Det skal òg utarbeidast intensjonsavtalar med partnerane som skal vere med i hovudprosjektet.

Tilsegnsdato: 17.12.2013

# Statistikknett 2013

## Tilsegn 227-2013

*Statistikknett er eit felles prosjekt med fylkene i fjord regionen og Fjord Norge AS som produserer overnattingsstatistikk på regionalt nivå basert på data frå SSB.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 217 200

### Finansieringsplan for prosjektet:

Fjord Norge AS:	kr 30 000
Møre og Romsdal fylkeskommune:	kr 46 800
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 46 800
Rogaland fylkeskommune:	kr 46 800
Sogn og Fjordane fylkeskommun:	kr 46 800

**Prosjektstart:** 01.01.2013.

**Prosjektlutt:** 31.12.2013.

### Prosjekteigar:

Jan-Erik Lystad

### Prosjektleder:

Jan-Erik Lystad, -

### Sakshandsamar:

Marta Rongved Dixon,  
tlf. 55239316, epost: [marta.dixon@hfk.no](mailto:marta.dixon@hfk.no)

### Samandrag:

Fylka i Fjord Norge (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) samarbeider om å tilby ei statistikkteneste til reiselivsbedriftene og organisasjonane i Fjord Norge. Kwart fylke har sin eigen avtale med leverandøren av desse tenestene.

# Fanari - Korleis få opp eit robust selskap?

## Tilsegn 228-2013KN

*Fanari AS vart etablert i 2008 og har som målsetjing å vere eit talerøyr for personar og verksemder innan kreative og kulturbaserte næringar i Sunnhordland. Ein skal no gjennomføre ei vurdering av om selskapet skal satsast på vidare eller avviklast.*

**Totale prosjektkostnader:** kr 300 000

### Finansieringsplan for prosjektet:

Andre finansieringskjelder:	kr 50 000
Eigen innsats/midlar:	kr 150 000
Regionalt utviklingsprogram for Hordaland:	kr 100 000

**Prosjektstart:** 20.12.2013.

**Prosjektslutt:** 01.07.2014.

### Prosjekteigar:

Sylvi Røsland Sørfonn

### Prosjektleder:

Torill Berge Nøstvåg

### Sakshandsamar:

Jostein Farestveit,  
tlf. 55239347, epost: jostein.farestveit@hfk.no

### Samandrag:

Føremålet med prosjektet er å finne ut om det er grunnlag for vidare drift av Fanari. Dersom dette er tilfellet skal selskapet verte ein viktig aktør som legg til rette for etablering, utvikling og kvalitetssikring av nettverk for kreative og kulturbaserte næringar i Sunnhordland.

Presentasjon av framtidsplanane for kommunane i regionen vil vere sentralt i prosjektet. Dersom det viser seg at det er grunnlag for, og vilje til å vidareføre Fanari AS, skal det vidare utarbeidast intensjonsavtalar med kommunane for vidare drift av selskapet.

Tilsegnsdato: 18.12.2013